

## **Introduksjonsprogrammet i Suldal og Sauda**

Alle mellom 18-55 år som har fått opphaldsløyve på grunnlag av asylsøknad har rett og plikt til å delta i eit introduksjonsprogram (med unntak av dei som har starta arbeid/utdanning). Dette gjeld òg for vaksne familiemedlem som kjem på familiesameining.

Introduksjonsprogrammet skal styrke moglegheitene for å komme i arbeid eller utdanning.

Ein har rett til å starte på programmet så raskt som mogleg, eller seinast innan tre månadar etter busetting i kommunen. Programmet tilsvrar eit fulltidsarbeid, og varer normalt i 2 år. Det er mogleg å slutte før to år, men då kan ein ikkje forvente å få plass på programmet igjen ved ein seinare anledning. I spesielle tilfeller kan programmet forlengast inntil eit år.

Dersom deltakarar har barn under skulealder har kommunen plikt til å skaffe barnehage- og/eller skuleplass innan 3 månader etter busetting slik at dei vaksne kan delta på introduksjonsprogrammet.

Alle på programmet skal lage sin eigen individuelle plan saman med programrådgjevaren. Denne planen skal innehelde mål, kva deltakaren må gjere for å nå desse måla, og ein tidsplan. Nokon har ein plan klar frå første dag, medan andre bruker lengre tid på å finne ut kva dei vil gjere. Døme på tiltak eit program og plan kan fyllast med inkluderer opplæring i norsk og samfunnsfag, språkpraksis, arbeidspraksis i regi av Nav, ulike kurs (data, presentasjonsteknikk, førstehjelp, branngryggleik, jobbsøkerkurs++), grunnskule, hospitering på vidaregåande skule, og tiltak som leksehjelp og fritidsaktivitetar.

Reglene for introduksjonsprogrammet er veldig like reglene i det norske arbeidslivet. Deltakarane må følgje normal arbeidstid, skal ha mellom 30-40 timer i veka og har rett på 5 veker ferie i løpet av eit år. Som deltakar får dei utbetalt introduksjonsstønad. Denne er to gonger folketrygdas grunnbeløp på årsbasis for dei over 25 år. Pr 01.05.2012 utgjer dette kr. 13 867,- i månaden før skatt. Dei som er under 25 år får 2/3 av to gonger grunnbeløpet, noko som utgjer kr. 10 265,25 i månaden. Deltakarane får betalt etter oppmøte, noko som betyr at dersom dei har ugyldig fråvær så vil dei få trekk i stønaden. Alle på introduksjonsprogrammet har rett til å arbeide utanfor programtida, til dømes om ettermiddagane/kveldane og i helgene.

Kommunen har ikkje ansvar for å skaffe jobb etter gjennomført program, men har ansvar for å fylle dei ulike introduksjonsprogramma med kvalifiserande tiltak slik at deltakaren sjølv er betre rusta til å starte utdanning eller søkje jobb på eiga hand.

[I arbeidet med busetting og kvalifisering av flyktningar jobbar me i tråd med introduksjonslova.](#)

Ta gjerne kontakt med oss i introduksjonstenesta for meir informasjon.